



Arkivnr: 2016/3130-8

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		14.08.2018
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		21.08.2018
Fylkesutvalet		30.08.2018

### Mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2018/20

#### Samandrag

Prosjektet «Mobilisering mot doping» er forankra i Regional kulturplan (2015-25). Nasjonalt er det forankra i Meld. St. nr 30 (2011-2012) «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk» og i Meld. St. 19 (2014-2015) «Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter».

Prosjektet «Mobilisering mot doping» skal vere eit tilbod som hovudsakeleg rettar seg mot elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring, og lærarar og andre tilsette i den vidaregåande skulen. Hovudmålet er å gje unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dopingbruk og bygge opp under ein tydeleg nulltoleranse til dopingbruk i sine lokalmiljø innan idretten og i samfunnet elles. I tillegg er målet å auke kunnskapen knytt til dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper som blant andre helsepersonell, ungdomsarbeidarar, planleggjarar i kommunane og pårørande. Det er lagt opp til evaluering av prosjektet. Tiltaka vil bli sett i samanheng med arbeidet den organiserte idretten gjer.

Hordaland fylkeskommune er ein av fire fylkeskommunar som deltek i programmet «Mobilisering mot doping». Samarbeidet har pågått sidan 2014, og erfaringar frå samarbeidet er teke med i den nye avtalen og prosjektplanen.

Helsedirektoratet løyver midlar til Stiftinga Antidoping Norge til dette arbeidet. Det er krav om 50% eigenfinansiering. Fylkestinget i desember 2017 løyvde kr 300.000 til ei 60% stilling i perioden haust 2018 – vår 2019. Noverande fylkeskoordinator går ut av stillinga 30. juni 2018, og ny koordinator vert tilsett frå 1. august 2018. Fylkeskoordinatoren vert tilsett i Antidoping Norge og vil arbeide med informasjons- og førebyggande tiltak i Hordaland ut frå avtale og aktivitetsplan. I tillegg bidreg Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga med arbeidsressursar inn i samarbeidet. Det er etablert ei styringsgruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune, Hordaland Idrettskrets og Stiftinga Antidoping Norge. Avtalen varar frå 1. august 2018 til 31. juli 2020, og skal omfatte skuleåra 2018-2019 og 2019-2020. Samarbeidsperioden avdekker trong for løyving på kr 300.000 for skuleåret 2019/2020.

Samarbeidsperioden avdekker trong for løyving på kr 300.000 for skuleåret 2019/2020.

**Økonomi:** Fylkestinget løyvde kr. 300.000 i desember 2017 til stilling i 60% frå hausten 2018.

Prosjektperioden avdekker trong for løyving på kr 300.000 for skuleåret 2019/2020.

**Folkehelse:** I Meld. St. 19 (2014-2015) «Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter» presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval. Regjeringa vil mobilisere mot doping m.a. ved at Helsedirektoratet styrkar samarbeidet med Antidoping Norge.

**Regional planstrategi:** Eitt av hovudmåla er å vere eit inkluderande samfunn.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2018/2019. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00 «Tilskot til idrettsarbeid».

Ingrid Holm Svendsen  
Kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 AVTALE FOREBYGGENDE MOBILISERING MOT DOPING HORDALAND FYLKESKOMMUNE
- 2 RAPPORT 2016-2018\_LMD\_Hordaland
- 3 Veien videre - satsningsområder\_2

## Fylkesrådmannen, 28.06.2018

### Bakgrunn

Antidoping Norge skriv m.a. i prosjektplanen; *Flere faktorer peker i retning av at dopingbruk er et voksende helseproblem blant ungdom. I løpet av ungdomstiden endres treningsvaner og begrunnelse for å trenre. Motivasjonen for å trenre oppgis ofte å være forbedret utseende. Kroppsidealet har i de siste årene beveget seg i en retning som kan være uoppnåelig for mange gutter og jenter. I tråd med dette oppgir mange unge å være misfornøyd med egen kropp. Enkel tilgang på ulovlige stoffer og mangefull kunnskap om konsekvenser av dopingbruk bidrar til at unge velger å bruke ulovlige og helseskadelige dopingpreparater som en snarvei til drømmekroppen. (...) Det er grunn til å tro at doping også er en del av hverdagen til unge i Hordaland, enten direkte eller indirekte. Vi ser derfor et behov for å intensivere, og løfte fram det forebyggende antidopingarbeidet i samfunnet generelt, og blandt unge spesielt, for å nå ut med kunnskap og informasjon rundt skadenvirkningene ved bruk av doping.*

Det forebyggende antidopingprogrammet *Mobilisering mot doping* er forankra i Regional kulturplan (2015-25). Under innsatsområde idrett står det; *Utfordringar knytt til doping har fått ekstra fokus gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen knytt mot dei vidaregåande skulane i fylket* (s. 97). I handlingsprogram 2015-18 er det eit tiltak som seier; *arbeide med verdigrunnlaget og Ren idrett i lag og vidaregåande skular* (s. 27).

Gjennom «Mestre hele livet» - Regjeringa sin strategi for god psykisk helse (2017-2022) ønsker regjeringa å tydeleggjer livskvalitet og meistring som viktige delar av det psykisk helsefeltet. Strategiane bygger på den nære samanhengen mellom psykiske lidingar og rusproblem, rus-tenestene og tiltak for vidare utvikling er nærmere omtalt i St.prp. 15 S (2015– 2016): Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016–2020).

I Meld. St. nr 30 (2011-2012) «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk» framlagt av Helse- og omsorgsdepartementet heiter det at informasjon og haldningsskapande arbeid er viktige førebyggande tiltak i innsatsen mot doping. I Meld. St. 19 (2014-2015) «Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter» presenterer regjeringa strategiar for å styrke folkehelsearbeidet og legge til rette for sunne helseval. Regjeringa vil mobilisere mot doping m.a. ved at Helsedirektoratet styrkar samarbeidet med Antidoping Norge.

Idrettscampus Bergen har antidoping som eitt av ti prioriterte satsingsområde. I dette samarbeidsprosjektet står åtte sterke aktørar saman for å styrke arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland. Gjennom ein systematisk og felles mobilisering mot doping kan relevante aktørar i Hordaland og Antidoping Norge setje fokus på dagens kroppsideal med tilhøyrande dopingbruk og arbeide for heilskaplege og koordinerte løysingar på tvers av samfunnssektorar. Arbeidet vil vere basert på nasjonal og regional politikk for å mobilisere mot dopingbruk i ungdomsmiljøa.

I ei undersøking blant unge mellom 15-25 år, utført for Antidoping Norge, svarar 8 % at det er greitt å bruke dopingmidlar for å gå ned i vekt. 7 % svarar det er greitt å bruke dopingmidlar for å auke muskelmassen (undersøkinga er ikkje offentleg endå, då det framleis vert arbeidd med resultata)

Antidoping Norge er ei uavhengig stifting som er oppretta av Norges idrettsforbund og Kulturdepartementet. Antidoping Norge arbeidar for ein rein idrett og eit dopingfritt samfunn. Programmet «Mobilisering mot doping» er knytt til den delen av deira verksemder som tek for seg førebyggande og haldningsskapande arbeid.

### Prosjektmål

Hovudmålet med programmet er å gje unge menneske i Hordaland tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå dopingbruk og bygge opp under ein tydeleg nulltoleranse til dopingbruk i sine lokalmiljø innan idretten og i samfunnet elles. I tillegg er målet å auke kunnskapen knytt til dopingproblematikk hjå relevante yrkesgrupper. Måla er skildra i aktivitetsplanen.

## **Ansvar og roller**

Fylkeskommunen vil gjennom denne avtalen delfinansiere prosjektet «mobilisering mot doping», der ein fylkeskoordinator tilsett i Antidoping Norge vil arbeide med informasjons- og førebyggande arbeid i Hordaland. fylkeskoordinatoren vert tilsett i ein 60 prosents stilling med oppstart 1. august 2018. Samareidet mellom Hordaland fylkeskommune og Antidoping Norge vert finansiert i høve til budsjett i vedlagte prosjektplan. Innan 1. mai kvart år skal Antidoping Norge legge fram rekneskap for prosjektet. Innan 1. mai 2021 skal Antidoping Norge legge fram eit revisorgodkjent rekneskap for prosjektet. Hordaland fylkeskommune har ansvar for å legge til rette for kontorplass til prosjektkoordinatoren.

Det vert etablert ei administrativ styringsgruppe med representantar frå Hordaland fylkeskommune (Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga), Hordaland Idrettskrets og Antidoping Norge.

Fylkeskoordinatoren vil fungere som sekretær/administrasjon for styringsgruppa, som skal møtast 2-4 gonger i året. Etter uttale frå styringsgruppa kan partane bli samde om å justere aktivitetsplanen. Partane kan seie opp avtalen med 6 månadars varsel.

I samarbeidsavtalen er det teke høgde for å innlemme Sogn og Fjordane i arbeidet i løpet av perioden 2018-2025. Det vil vere naturleg at ein alle reie frå august 2018 ser på modellar for samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune fram mot fylkessamanslåinga i 2020. Det er oppretta dialog rundt dette, og det er stor vilje til vidareutvikling av samarbeidet på tvers av dei to fylka.

## **Evaluering og videreføring**

Fylkeskoordinator har utarbeidd oversikt over gjennomførte tiltak i perioden august 2016 – juni 2018. Denne ligg som vedlegg til saka.

Vedlagt er også notat om videreføring av arbeidet i komande periode. Det vert lagt opp til noko overlapping mellom avtroppande og ny fylkeskoordinator som i samarbeid med styringsgruppa vil utforme ny handlingsplan for haust 2018 – vår 2020.

Samarbeidet vil ha følge-evaluering og slutt-evaluering for å sikre kunnskap og for å eventuelt kunne korrigere prosjektplan og byggje ny kunnskap om førebyggjande arbeid. Antidoping Norge vil legge til rette for opplæring i antidopingarbeid og gjere tilgjengeleg verkemidlar som kan nyttas i det førebyggande arbeidet i Hordaland også etter samarbeidet er avslutta.